# Høstmøte 28.10.2020



# Høstmøte 2020 i Østfold skikrets

Aktiviter i skikretsen og landet for øvrig

- Utbrudd av covid 19. Vår hverdag ble plutselig annerledes
- Bredde og aktiviteter i Østfold skikrets
- Merkbar nedgang i rekruttering i hele landet
- Kommende sesong og status for arrangement og renn
- Flourforbudet

- Hvordan gjennomføre arrangement med dagens smittevernregler – Fredrikstad Skiklubb

- Bevertning
- Grenmøter

NORGES SKIFORBUND ØSTFOLD SKIKRETS

# Fredrikstad rulleskianlegg

# SNØ






- Mer satsning på Krets/klubbutvikling



**REKRUTTERING:** Det vert stadig færre skiløparar i krinsen. Her frå Ørnastafetten, 2019. FOTO: STINE STRAND CARLSE

# Slik skal skikrinsen få opp rekrutteringa

Johan Børsheim og Hordaland skikrets har planane klare for å stoppa rekrutteringssvikten.

**Ørjan Brattetveit**
obr@avisa-hordaland.no

– Utviklinga i skisporten er urovekkjande. No håpar me å snu den negative rekrutteringstrenden, seier Johan Børsheim, leiar i Hordaland skikrets. Han understrekar at å få opp talet på breidda i skisporten er jobb nummer ein for Hordaland skikrets framover. Han har teke initiativ til arbeidet som no startar for fullt.

**Rekrutteringskveld på Voss**

Krinsen skal støtta klubbane ute i lokalmiljøa. Derfor har ein lagt opp til rekrutteringskveldar i heile distriktet.

– Me har lyst til å besøka alle klubbane som driv med skiaktivitet i Hordaland. Me deler krinsen opp i naturlege soner, og me startar med Odda og Hardanger, seier Børsheim. I Odda går startskotet tysdag 20. oktober. Sidan går turen til Kvam og Bergen, før Voss står på kalenderen 29. oktober.

Det er administrasjonssjef Bernt Rusten i Hordaland skikrets som er ansvarleg for gjennomføringa av rekrutteringskveldane.

– Me skal bli kjende med klubbane. Og gje dei hjelp til klubbutvikling. Dei må tenkja på kvar klubben står no, og kvar ein ynskjer å vera. Og så kartleggja kva som skal til for å nå desse måla. Me i krinsen kan då vera med å hjelpa klubbane å jobba fram mot måla.

På rekrutteringskveldane vert det også økter for utøvarane.

– På Voss skal me samarbeida med Voss gymnas. Me er ikkje heilt i mål med treningsopplegget for kvelden på Voss enno, seier Rusten.

– Me vil også utfordra klubbane til å sjå på kva dei kan gjera annleis for å auka rekrutteringa. Målet er at flest moglege skal ha det kjekt på ski over tid, seier Børsheim.

**Livslang glede**

Spesialisering i tidleg alder og utstyrsjag er tema som engasjerer Johan Børsheim spesielt.

– Mange foreldre vert skeptiske når det vert for mykje press på resultat og på dyrt utstyr. Ein ser at dei som spesialiserer seg for tidleg og satsar for fullt på å vinna i 13-årsalderen, sjeldan er dei som vert gode som seniorløparar. Allsidig trening og mykje moro er viktig, seier Børsheim, som meiner altfor mange unge gjev seg for tidleg med idretten.

– Me ser at dei som er aktive til etter dei er 13 år får ei livslang glede av skisporten. Det er godt for folkehelsa.

**Halvering i nordiske greiner**

Hordaland har gjennom fleire artiklar tidlegare i år sett søkjeljos på rekrutteringssvikt i skisporten i medaljebygda. Her kom det mellom anna fram at medlemstala innan nordiske greiner i Voss IL i aldersgruppa 6 til 19 år er halverte sidan 2012. Sesongen Voss arrangerte ski-NM var det 122 aktive langrennsløparar i Voss IL i alderen frå 6 til 19 år. Ved utgangen av 2019 var det 58 utøvarar. Tala for hopp/kombinert og alpint er også dystre, og i Kari Traa si heimbygd er det knapt ein einaste kulekøyrar igjen.

**Satsa i Bergen**

– Me skal satsa sterkare i Bergen, seier Johan Børsheim. Han er oppteken av at fleire lågterskelanlegg må leggjast der det bur mest folk.

– Fløten, Totland og Gullbotn er satsingsområde i Bergen. Me har fått hoppbakkar og leikeområde klare. Men i Bergen treng me kunstsnø og rulleskiløyper. Me jobbar godt saman med m.a. Bergen kommune og klubbane i byen om dette.

**SNU TRENDEN:** Leiar i Hordaland skikrets, Johan Børsheim, Ulvik IL, satsar på å snu den negative rekrutteringstrenden. FOTO: SIGRID SE

## Logical Cosmic på tredje

**TRAV:** Resultata var på det jamne for vossahestane sundag på travparken. Logical Cosmic til Lars Lekve var best av våre med 3. premie i 6. løpet, og fekk 5000 i premie. Her vart Cavaca til Stall Blå-Bær ved Jostein Finne nr 4, premien vart 3500 kroner. I 1. løpet fekk Super Strong 5. premie, eigarane i Stall Strongest There is fekk 3500 inn på hesten sin konto. I 4. løpet enda både Timona Ø.K. og Tilde Ø.K. uplasserte. Bjørketora til Jostein Finne fekk 4. premie i 5. løpet, premien vart 3500 kroner. Her enda Bovis Maija og Lustra Hera uplasserte.



# – Norges flotteste anlegg

– Nes Ski- og Sykkelanlegg er et av Norges flotteste anlegg, og dere har all grunn til å være stolte, sa skipresident Erik Røste da han åpnet ski- og sykkelanlegget i Fenstad.

Skianlegget på Nes

- Effektivisering og større drift av småklubber

# Det går bra!

- Du kan drive med idrett!
- Du må følge reglene.



NORGES
SKIFORBUND